

Tilvisinga kom inn i feil journal

Ein fastlege tilviste ein pasient til undersøking på sjukehuset. Tilvisingar blir registrert av sjukehuset og skanna inn i journalen til pasienten. Denne gongen blei tilvisinga skanna inn i journalen til feil pasient. Dette blei ikkje oppdaga, slik at innkallinga til timen på sjukehuset vart sendt til feil pasient. Pasienten som fekk brevet, tok kontakt og undra seg over kvifor det var oppsett time her, då vedkommande var frå eit anna fylke og ikkje hadde vore til behandling her i fylket. Feilen blei då oppdaga, og rett pasient blei kalla inn. Konsekvensen blei at pasienten fekk time til undersøking seinare enn han kunne ha fått det.

Årsaksvurdering:

Dei som skanna tilvisinga inn i journalen, har truleg søkt på fødselsdato og første bokstavar i etternamnet når dei har henta fram pasienten frå folkeregisteret. I namnelista som kom opp på skjermen har dei deretter bomma på ei linje, og valt feil pasient. Dermed har ein skanna dokumentet inn på feil pasient, og tilvisinga har hamna i feil journal. Dei som behandla tilvisinga, oppdaga ikkje det manglande samsvaret mellom namnet som stod på tilvisinga og journalen tilvisinga låg inne i.

Strakstiltak:

- Timen på feil person blei avlyst. Det blei teke utskrift av tilvisinga og denne blei skanna inn i rett journal. Det blei ordna med ny time og sendt innkalling til rett pasient.

Førebyggjande tiltak:

- Når ein hentar opp pasient i pasientdatasystemet må ein alltid søkje opp heile personnummeret, dersom dette er påført i tilvisinga, for å unngå å velje feil pasient. Dersom heile personnummeret ikkje er oppgitt i tilvisinga, må ein sikre seg at riktig pasient er valt før ein skannar inn tilvisinga.
- Den som skannar inn nye tilvisingar skal, i størst mogleg grad, bli friteken frå å svare på telefonar medan dei held på med dette arbeidet. Uansett må ein alltid gjere ferdig skanninga når ein har begynt å registrere tilvisinga, før ein eventuelt tek telefon eller gjer andre ting.

Pasienttryggingsutvalet (PTU) si vurdering:

PTU er opptekne av at ein i alle ledd i pasientbehandlinga sikrar at rett pasient får rett behandling. Dei fleste tilvisingane i dag er elektroniske. Målet er at alle skal bli elektroniske, då unngår ein at feil kan oppstå ved scanning.